



Det Kongelige Kulturdepartement  
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
12/1348-4	26501/13	C60 &00	I.U/LU/UL	13/2972

## **SVAR - FORSKRIFT - KVALIFIKASJONSKRAV - PERSONALE I FOLKEBIBLIOTEK - HØYRING**

Innspel frå Klepp kommune på to av hovudspørsmåla i høyringsbrevet:

### **1. Vil tre års praktisk erfaring vera tilfredsstillande for manglande formell kompetanse?**

Klepp kommune meiner at 3 års praktisk erfaring ikkje vil vera tilstrekkeleg i denne samanheng. For det første meiner me at krav og forventningar til biblioteksektoren i åra framover vil auka, og at dette vil stilla større krav til leiing. Leiing av bibliotek er ikkje berre ei drifstoppgåve, men og ei utviklingsoppgåve. Kompetansegrunnlaget for slikt utviklingsarbeid blir i hovudsak lagt gjennom utdanning. Mange bibliotek vil ha dyktige medarbeidarar uten fagutdanning som i mange samanhenger vil kunne vera gode leiarar og fagutviklarar. Me meiner likevel at dette ikkje vil vera tilstrekkeleg kvalitetssikra om personar utan formell kompetanse skal leia biblioteka. Heilskap og kvalitetsutvilninga i biblioteka vil med andre ord bli for tilfeldig om praktisk erfaring skal vektast så høgt som her er gjort framlegg om.

Begrepet 3. års praktisk erfaring frå bibliotek er og eit svært uklart begrep. Me spør oss då: Vil 3. års deltidserfaring frå bibliotek vera godt nok? Vil 3 års erfaring frå utlån og skrankearbeid tilfredsstilla krava? Vil 3 års deltidserfaring med reperasjon av bøker fylla minstekrava?

Svaret på slike spørsmål meiner me må vera nei. Me er redde for at nettopp ei utydeleg formulering som dette vil kunna føre til ei utvanning av kompetansebehova, med dei konsekvensene det vil kunne få for standard, kvalitet og utvikling i biblioteka. Ei ordning der 3 års praktisk erfaring kompenserer for manglande formell kompetanse, vil vera ei undervurdering av det samla utfordringsbiletet biblioteksektoren vil stå foran i åra som kjem, og vera ei underkjenning av den solide kompetanseplattformen som trengst for bibliotekleiarar, og som berre utdanning kan gje på ein fullgod måte.

**2. Vil fem tilsette med bibliotekfagleg kompetanse vera ein god indikator på ein kommune med brei bibliotekfagleg kompetanse?**

Vårt svar på spørsmålet er nei, viss dette er ein føresctnad som skal leggjast til grunn for at kompetanskrava skal kunne avvikast. Lista bør leggjast ein god del høgare. Dei store biblioteka, t.d. i dei 10 største kommunane i landet, vil nok vera meir i retning av kor lista bør liggja. Her vil det vera mange tilsette og store fagmiljø, leiaroppgåvene vil i større grad vera administrative, og i slike bibliotek vil kompetansen dermed kunne ivaretakast av andre enn ein bibliotekfagleg leiar.

Klepp kommune, 07.11.2013

Kåre Strand  
kommunalsjef

Ulf Ludvigsen  
kultursjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*

Kopi til: